

# Språkverdiar

Endre Brunstad

## 1. Innleiing

I løpet av dei seinare åra har det vakse fram ei sterkare interesse for verdispørsmål og for studiar av sosiale verdiar.

Interessa er attspegla i samfunnsvitskapen gjennom dei jamførande forskingsprosjekta *The European Values Study Group* og *World Values Survey* (jf. Halman 2005). Likeins ser vi interessa for verdispørsmål i politikken og det allmenne samfunnsordskiftet; i Noreg er det mest kjente dømet på det Verdikommisjonen.

Også i sosiolingvistikken har der kome referansar til verdiomgrepet. Minoritets-språkforskarar skil mellom instrumentell verdi og identitetsverdi for å seie noko om kva støtte minoritetsspråk har blant brukarane (jf. May 2005: 334). Jerzy Smolicz (1981, 1991) diskuterer verdien av språk i høve til sosiale kjerneverdiar. Vi ser òg verdiomgrepet i nordiske forskingsprosjekt som *Den nye norsken*<sup>1</sup> (DNN) og *Moderne importord i språka i Norden* (MIN).<sup>2</sup> I prosjektet *Den nye norsken* vert det stilt spørsmål om den nye språksituasjonen, med globalisering og auka språkkontakt, gir vilkår for å danne nye språkverdiar.

Det er neppe tilfeldig at fokuseringa på verdispørsmål kjem i ein periode prega av politiske og kulturelle omveltingar og av folkevandringar. Meir intens kulturkontakt skaper trong for å diskutere òg vår eiga sjølvforståing. Språkkontakten skaper den same trongen når det gjeld språkleg sjølvforståing: – Kva rolle bør nasjonalspråk spele i eit fleirspråkleg samfunn? Kven er det som eig språket? Er språkleg mangfald eit gode? Kva verdi har morsmålsopplæring? Kva plikter har det språklege fleirtalet overfor mindretalet? Og kva plikter har mindretalet? Slike spørsmål rører ved sentrale verdiproblem.

Føremålet med denne artikkelen er å skissere nokre måtar å nærme seg fenomenet språkverdiar på. Oppgåva er ikkje enkel. Verdiomgrepet er samansett og vert nytta på fleire måtar innanfor ulike fagdisiplinar, t.d. filosofi, psykologi og sosiologi. Løysinga her vert å peike på fem strategiske tilnæringsmåtar:

1. Verdiar som førestellingar på eit høgt abstraksjonsnivå.
2. Verdiar som relasjonar i eit system.
3. Verdiar som sosiale rangeringspreferansar.
4. Verdi som sosialpsykologisk uttrykk for kva folk meiner er verdifullt.
5. Verdiar som etisk uttrykk for kva som bør vere verdifullt.

Tilnæringsmåtene representerer ikkje berre forskingsstrategiar; dei kan òg seie noko om korleis verdiar er til stades, implisitt eller eksplisitt, i den allmenne forståinga av språk i samfunnet.

---

<sup>1</sup> Jf. Internett: [www.dennyenorsken.info](http://www.dennyenorsken.info)

<sup>2</sup> Jf. Internett: [www.moderne-importord.info](http://www.moderne-importord.info)

## 2. Tilnæringsmåtar til språkverdiar

### 2.1 Verdiar som normative førestellingar på eit høgt abstraksjonsnivå

Den fyrste tilnærminga er metodologisk og deskriptiv, ho seier noko om det analytiske nivået åt verdiomgrepet, sett i høve til nærskylde omgrep. Utgangspunktet er at *språkverdiar* refererer til noko som ligg på eit høgare abstraksjonsnivå enn kategoriar som *språkhaldningar* og språkleg *mening*. Nivåskilnaden kan illustrerast ved hjelp av ein modell:

<i>Abstrahert nivå</i>	<i>Verdiar</i>	<i>Normer</i>
	x    x    x	
	<i>Haldningar</i>	
	xxxx    xxxx    xxxx    xxxx	
	<i>Meining</i>	
	xxxx    xxxx    xxxx    xxxx    xxxx    xxxx    xxxx    xxxx	
<i>Observerbart nivå</i>	<i>Ytringar og handlingar</i> (språkbruk, rapporterte synspunkt, svar, ytre åtferd etc.)	<i>Kontekst</i>

Heilt nedst i denne modellen har vi *det observerbare nivået*, dvs. dei fenomena som kan studerast empirisk. For sosiolingvistikken sin del vil det dreie seg om ytringar og handlingar. Desse kan i sin tur vurderast i høve til konteksten.

Det er på det abstraherte nivået (metanivået) vi kan tale om 'mening', 'haldningar', 'normer' og 'verdiar'. Slike fenomen er mentale, dei eksisterer som førestellingar, og kan ikkje avleiast direkte av det ein observerer av ytringar og handlingar. Til saman dannar det som ein finn på det observerbare nivået, like fullt eit empirisk grunnlag for abstraksjonar. (Det må understrekast at vi talar om analytiske nivå og ikkje om kausalsamanhengar mellom nivåa.)

Det er ikkje lett å skilje dei ulike omgrepa på det abstraherte nivået frå kvarandre, for det dreier seg om nokre av dei mest samansette omgrepa i filosofi, lingvistik og psykologi. Vi prøver oss likevel: Ein gjennomgripande kategori er *normer*. Normomgrepet refererer til ulike typar av vurderingsgrunnlag og retningsliner som er med på å styre sosial handling, deriblant språk (jf. Brunstad 2000). Språknormer er såleis med på å styre språkbruk, og den styringa kan skje både gjennom formulerte språknormer (t.d. rettskrivingsreglar) eller gjennom uformulerte språknormer (t.d. konvensjonar for samalar). Viss vi så seier at språket er eit normfenomen og at språknormene er konstituerande

for både all språkbruk og all abstrahering kring språk, kan vi setje opp ein stige av abstraheringsnivå.

Det fyrste trinnet i ein slik stige er *mening*. Føremålet med språk er jo å uttrykkje noko som ber mening. Som Halliday (2002) viser oss, har språkbruk mening overfor fleire kulturelle kontekstar på same tid; han talar om ein situasjonskontekst og ein vidare kulturkontekst. Såleis vil refleksjon kring språkleg mening alltid innebere refleksjon kring kulturen som språkbruken er knytt til.

Det andre trinnet i abstraheringsstigen, *haldningar*, refererer til eit meir stabilt sett av trussmål, kunnskap og vurderingar i høve til eit fenomen, t.d. språk. Desse haldningane kan i sin tur avleiast av verdiar. Det vil seie at bakom språkhaldningar ligg der meir grunnleggjande språkverdiar.

Verdiane representerer såleis det øvste trinnet. Hechter (1993: 3) har skilt mellom verdiar og haldningar ved å hevde at haldningar ikkje er så stabile som verdiar og at dei er partikulære i staden for generelle. Det siste poenget kjem òg Ajzen (1998) til når han knyter språkhaldningar til noko som er anten positivt eller negativt: "a disposition to respond favourable or unfavourable to an object, person, institution or event". Likskapen ligg i at det er tale om sosialpsykologiske disposisjonar andsynes sosiale fenomen. Verdiomgrepet har òg likskapar med ideologiomgrepet; her vert igjen sosialpsykologien ein markør: Dersom vi studerer eit fenomen som 'individualitet' *ideologisk*, ser vi på dei politiske implikasjonane av individualitet og individualitet som ein meir medviten politisk teori, medan ein studie av 'individualitet' som *verdi* vil fokusere meir på dei sosialpsykologiske og umedvitne sidene.

Oppdelinga vi har gjort så langt, er grovkorna, men nyttig for forståinga av verdiomgrepet. Oppdelinga står elles ikkje i motsetnad til dei andre tilnæringsmåtene.

## 2.2 *Verdi som relasjonar i eit system*

Den andre måten å tilnærme seg verdiar på er relasjonell og relativ: Verdiar er noko som vert skapt og får mening i høve til relasjonane i eit system.

Forståingsmåten er velkjend frå teiknlæra, ikkje minst frå grunnleggjaren av moderne lingvistikk, Ferdinand de Saussure. I *Cours de linguistique générale* (1916 [i svensk omsetjing 1970]) ser Saussure på språk som teiknsystem, bygde opp av relasjonar mellom teikna. Meiniga åt teikna vert definert av relasjonane som teikna går inn i. Her kjem òg nemninga *verdi* (*valeur*) inn; den vert knytt til relasjonane i teiknsystemet som heilskap, dvs. at delane i systemet må tolkast i ljøs av heilskapen. Vokalar får verdi i høve til den posisjonen andre vokalar har i språkssystemet. Slik vert språket *eit system av reine verdiar* (jf. Saussure 1970: 142).

Interessant å merkje seg er vekslane Saussure dreg på klassisk økonomi. Utvekslinga i språkssystemet mellom noko ulikt, t.d. mellom ord, idear og omgrep, vert jamført med utveksling mellom pengar og brød: "På samma sätt som inom ekonomin ställs vi här inför begreppet värde; båda vetenskaperna sysslar med ett system för att jämställa saker av olika ordning: arbete och lön i ena fallet, innehåll och uttryck i det andra." (S. 107–108.) Heile tida er det for Saussure tale om eit balanseprinsipp i høve til heilskapen, til systemet. Verdien av eit ord eller ei grammatisk form vert ikkje definert av innhaldet i idéen eller omgrepet, men av posisjonen ordet eller forma står i høve til resten av systemet.

Louis Hjelmslev (1959) peikar på avgrensingar i Saussures økonomianalogi: I lingvistikken er der ikkje noko som korresponderer til ein standard på same måten som i

økonomien.<sup>3</sup> Difor hadde Hjelmslev betre sans for jamføringa med sjakkspellet, at brikkene i eit sjakkspel får verdi etter den posisjonen dei andre brikkene (og dermed sjakkspellet som heilskap) stod i.

Den semiotiske tradisjonen etter C. S. Peirce (1994) har utvida perspektivet på teikn: Alle meiningsberande sosiale fenomen kan forståast som teikn. Då kan ein som Halliday (1978) tale om ein sosial semiotikk. Ut frå denne tradisjonen treng ein heller ikkje å forstå teiknsystemet binært, slik Saussure gjer det (jf. Peirce som talar om ein triade mellom uttrykk, objekt [innhald for teiknskaparen] og interpretant [innhald for teikntolkaren]). Seinare har semiologien med Roland Barthes (1975) problematisert tilhøvet mellom uttrykk og innhald, gjennom vektlegginga av konnotasjonar, og gjort oss merksame på at det vert for snevert å berre sjå på teiknsystemet. Denne problematiseringa dannar i sin tur grunnlaget for diskursanalysen der meininga og verdien av ulike uttrykk vert sedd i samanheng med innskrivingar i ulike diskursar.

Samstundes kan òg diskursane sjåast på som eit sett av relasjonar (mellom både språklege og ikkje-språklege element). Dette poenget kan vi illustrere ved å sjå nærmare på den kanskje mest prestisjefulle diskursen i vår tid, nemleg økonomien. I ein språkpolitisk og språkokologisk samanheng er det då særleg interessant å gå inn på rolla til *marknadsverdien* i den språklege verdskonkurransen. Florian Coulmas har i standardverket *Language and Economy* (1992: 89) sett opp fem hovudindikatorar på "value of a language" i høve til økonomisk marknadstenking:

1. Den kommunikative aksjonsradiusen til eit språk: Denne vert uttrykt gjennom den demografiske styrken åt a) dei som bruker språket som fyrstespråk og b) dei som bruker språket som andrespråk eller framandspråk. Det er den sistnemnde gruppa som gir engelsk ein så vid kommunikasjonsradius; utviklinga på det området har samstundes fått negative konsekvensar for posisjonen til gamle verdsspråk som t.d. russisk og fransk. Eit anna moment er grannespråksforståing: Jamvel om norsk som morsmål har færre brukarar enn finsk, vil norsk ha større kommunikasjonsradius gjennom den interskandinaviske språkforståinga. Samstundes gjer grannespråksforståinga at utlendingar kan fordjupe seg i svensk for å forstå norsk, medan finskkunnskap føreset fordjuping i nettopp finsk.

2. Språket som produksjonsmiddel: Det er her tale om alfabetiseringsnivå og om kor mange funksjonar og domene språket kan brukast til i samfunnet. Når det gjeld domenetilgang, er tilhøvet mellom nynorsk og bokmål interessant. I større norske riksaviser er der forbod mot nynorsk på redaksjonell plass, og det hemmar nynorsken.

3. Investeringar i språket: Desse kan kome i form av ordbøker, omsetjingsarbeid og elektroniske ressursar. Ut frå Coulmas sin analyse vil det t.d. vere fornuftig for det norske språksamfunnet å realisere planane om ein digital norsk språkbank.

4. Etterspurnad for språket som vare: Dette gjeld ikkje minst innanfor framandspråksundervisninga.

5. BNP: Ein interessant indikator er kor stor del av BNP åt ulike statar som vert brukt til framandspråksundervisning i eit spesifikt språk. Engelsk toppar lista, medan russisk stod høgare i kurs 1945–1989.

Ein annan som inkorporer verdiomgrepet frå økonomien på språk, er sosiologen Abram de Swaan. I *Words of the World* (2001) talar de Swaan om eit globalt språksystem prega av konkurranse mellom ulike språkgrupper. Utgangspunktet er Q-verdien. Den handlar om forventingar til sosial profitt ved å investere krefter på å lære seg eit spesifikt

<sup>3</sup> Såleis har det vore råd for EU å få til ei felles mynteining, medan ideen om felles språk verkar heilt fjern.

språk. Høg Q-verdi gir dermed høg marknadsverdi. Ut frå Q-verdien peikar de Swaan ut fire hovudgrupper av språk i verda: a) sentrale språk (om lag 100 språk), b) supersentrale språk (tolv språk: arabisk, kinesisk, engelsk, fransk, tysk, hindi, japansk, malaysisk, portugisisk, russisk, spansk og swahili), c) hypersentrale språk (berre eitt, engelsk) og d) perifere språk (alle dei mange tusen språka som ikkje har ”nytte” i fleirspråklege situasjonar, og som knapt nokon difor finn grunn til å lære). Slik de Swaan ser det, vert alle språka i verda bundne saman gjennom relasjonane i det globale språksystemet, og Q-verdien vert då relasjonell.

Som de Swaan er inne på, gjer den globaliserte språkøkonomien det føremålstenleg med studiar som koplar økonomi og sosiolingvistikk. Forståinga av domenetap er interessant i eit slikt ljøs: Medan overgang frå norsk til engelsk i forskning vert eit domenetap for norsken som heilskap, vil språkovertgangen for den einskilde forskaren verte oppfatta som ei domenevinning; han får tilgang til større språkområde. Samtidig er det viktig med kritiske perspektiv – å vise at marknadsorientering er problematisk, av di ho tingleggjer språk og språkbrukarar og gjer at marknadsverdien fungerer som sosial rangeringspreferanse (jf. pkt. 2.3). Med andre ord: Det trengst verdikritikk.

### 2.3 Verdiar som sosiale rangeringspreferansar

Ein tredje måte verdiar kjem til uttrykk på, er gjennom bruk av kulturelle trekk for å drive sosial rangering. Det som er verdifullt, vert i denne samanhengen det som gir sosial prestisje. Her er det tale om verdidomar – om ”godt” og ”dårleg” språk og om ”kultivert” og ”ukultivert” framføring. Ei slik forståing er sentral i estetikken og i sosiale stereotypiar. Forståinga har òg vore viktig for utviklinga av europeiske standardspråk. Ut frå den sosiale posisjonen sin har standardspråk fått verdi som ”betre” enn andre språkvarietetar.

Frå ein lingvistisk og etisk synsstad let språkrangeringar seg vanskeleg forsvare. Alle språk har ein verdi for dei menneska som bruker språket, og god kunnskap i morsmålet er naudsynt for å oppnå læring, intellektuell utvikling, identitetskjenle og kulturell deltaking. Dersom vi meiner at alle menneske har like stor verdi, må då òg alle morsmål ha like stor verdi. Å rangere språk, vert i røynda å rangere menneske og kulturar opp mot kvarandre. Slike rangeringar er prinsipielt forkastelege.

Likevel finn vi i norsk språkhistorie mange språklege verdidomar, og ein ser lett verdi-historiske kontinuitetsdrag frå føredraget ”Maalsagens Stilling i vort Kulturliv” (1899) der Bjørnstjerne Bjørnson mana til kamp for ”Kulturen” og ”Dannelsen”, via riksmålsreaksjonane mot samnorsk på 1950-talet og fram til talsmenn for moderat og konservativt bokmål dei seinare åra: Når Lars Roar Langslet let tittelen på Riksmålsforbundets 100-årssoge vere *I kamp for norsk kultur* (1999), er det underforstått at riksmålet representerer *Kulturen*. Heller ikkje målrørsla går fri frå verdigrangeringar, som i jakta etter dei mest ”norske” dialektane.

Ein viktig teorileverandør for studiar av sosial-kulturell rangering er Pierre Bourdieu (1992, 1995). Viktig for Bourdieu er smaken. Opplæring i den rette smaken og det rette språket gir kulturell kapital. Denne kapitalen er ein del av dei disposisjonane som gjer at visse menneske kjem til ein posisjon eller klarer å halde på posisjonen, medan andre menneske ikkje får tilgang til posisjonar. Bourdieu er oppteken av å avdekkje koplingar mellom mentale og sosiale strukturar, og kva funksjonar desse koplingane har. Viktig i så måte er hegemonisk makt og symbolsk makt. Gjennom skulen, media og andre institusjonar vert det framstått som naturleg at visse språkformer og visse smaksformer skal stemplast som mindreverdige, medan elitens språk og smak skal stemplast som høgverdige.

Ideen om det naturlege byggjer opp om sosiale distinksjonar gjennom motsetnadspaar som ”interessant” vs. ”banalt”, ”vakkert” vs. ”stygt”, ”danna” vs. ”udanna”.

Helge Sandøy (1997, 2004) har gjennom uttrykket *normeringssirkelen* gjort ein bourdieusk analyse av symbolsk makt i norsk språknormering. I normeringssirkelen plasserer Sandøy makt- og prestisjefulle skriftprodusentar som *Aftenposten*, *Aschehoug*, *NRK*, lærebokforlaga og statsadministrasjonen. Desse skriftprodusentane er plasserte i Oslo, prega av den kulturelle smaken i Oslo vest, og utgjer ei kraft i spreinga av konservativt bokmål. Samtidig har Sandøy eit vidare poeng, nemleg at det er råd å setje kilar i normeringssirkelen. Det er i det perspektivet ein må forstå offentleg språknormering: ”Norsk språkpolitikk har vist at det nyttar å planleggje språket. Han er ein siger for eit antihegemonisk arbeid og viser at det er mogleg med ei rasjonell styring av språkforma i retning av overordna ideal,” skriv Sandøy (2004: 10).

Der er grunnleggjande skilnader mellom det franske og norske språksamfunnet. Standardspråket har ei heilt anna rolle hos oss, både på grunn av tilhøvet mellom nynorsk og bokmål og på grunn av den sterke posisjonen åt dialektane. Dessutan er rammevilkåra med omsyn til elitekultur og skule ulike.<sup>4</sup> Det gjer det problematisk med direkte jamføringar mellom Frankrike og Noreg. Samtidig illustrerer skilnadene at det er mogleg å påverke språkstoda. Her spelar målstriden ei avgjerande rolle, for målstriden har handla om å problematisere kriteria for språkleg rangering. Det var Ivar Aasen inne på alt i programskriftet ”Om vort Skriftsprog” frå 1836. Dei norske språktilhøva viser at det ikkje er ein ”naturtilstand” at standardtalemålet eller hovudstadsdialekten *må* reknast som best.

Problematisering av vilkåra for språkleg rangering er òg viktig overfor den rolla marknadsverdien spelar (jf. 2.2). Som Einar Haugen peikar på alt i *Riksspråk og folkemål* (1966), er motsetnaden mellom riksmålets ”offisielle elite” og nynorskens ”folkeelite” for lengst vorten utfordra av makta til den marknadsorienterte ”masseeliten”. Den sosiale rangeringa som marknadskreftene gjer, er ikkje eintydig på det språklege området. Dialektbruk er det brei aksept for i det norske samfunnet; ein kommersiell fjernsynskanal som TV 2 har gitt rom for dialektbruk, og på den måten forsterka ”normaliteten” åt dialektane. For nynorsken vert marknadsverdien meir problematisk; i forretningslivet vert nynorsken oppfatta som eit fordyrande ledd, på same måten som bruk av norsk reint ålment vert meir problematisk i fleire domene. Eit anna utslag av marknadstenkinga kjem til synes gjennom vektlegginga av usus i skriftnormeringa. Her er det vesentleg det Sandøy (2004) er inne på med normeringssirkelen; at den språklege marknaden ikkje er fri, men styrd av nokre fåe aktørar. Marknaden er ikkje uttrykk for nokon folkevilje.

#### 2.4 Verdi som uttrykk for noko som er verdifullt for folk

Den fjerde tilnærminga til verdier er sosiologisk, og seier noko om kva folk oppfattar som verdifullt. Utgangspunktet er dermed deskriptivt og empirisk.

Den nyorienteringa mot verdistudier som har kome dei seinare åra, inneber eigentleg ei tilbakevending til ærerike tradisjonar. Studiar av sosiale verdisystem stod nemleg sentralt då samfunnsforskinga vart etablert på 1800-talet med Max Weber, Emilie Durkheim og Ferdinand Tönnies. På 1950- og 1960-talet skjedde det så eit skifte: Samfunnsforskinga vende seg vekk frå sosiale verdier, og retta heller fokuset mot *haldningar*, eit omgrep som òg var oppfatta som mindre spekulativt og meir handterleg

<sup>4</sup> I Noreg er det ikkje det same samsvaret mellom økonomisk og kulturell elite. Skulen er ikkje dominert av overklasseverdier, men mellomklasseverdier.

for empiriske granskingar (jf. Barth 1993: 128f.). Orienteringa mot haldningsstudiar vart òg dominerande i sosiolingvistikken då han vart etablert på 1960-talet og utover.

I Noreg tek verdigranskinga *Norsk Monitor* opp bruk av nynorsk og bokmål som ein variabel i høve til fleire verdi- og haldningsspørsmål (jf. Hellevik 1996). Ottar Hellevik har vurdert resultat frå *Norsk Monitor* i høve til den norske språkstoda (2001), og plasserer språkbrukarar etter verdivariables som tradisjonell vs. moderne og materialistisk vs. idealistisk. Håvard Teigen (2001) har òg hatt tilgang til *Norsk Monitor*, og meiner ut frå datagrunnlaget å sjå at det er verdiprioriteringar som gjer at nynorskbrukarar prioriterer å få fleire barn enn bokmålsbrukarar, og at det igjen er med på å forklare høgare fødselsratar i nynorskkommunar enn i bokmålskommunar. Prosjektet *Moderne importør i språka i Norden* er eit anna prosjekt som inkorporerer språkverdiar (jf. Vikør 2003).

Thomas Chr. Wyller (2005) har problematisert den samfunnsvitskaplege innfallsporten til verdispørsmål. Han viser til at når Verdikommisjonen kopla inn samfunnsvitskapen, vart problemstillingane innsnevra til det som kunne teljast. Verdiutgreiinga endra form i retning livsstilsstudiar og haldningsstudiar. Normative spørsmål og omgrepsspørsmål vart "kuppa" av samfunnsvitskapen. Wyller meiner at det heng saman med at Verdikommisjonen "avstod fra ethvert presisjonskrav" når det galdt verdiomgrepet (Wyller 2005: 43). I staden for ein verdidebatt, stimulerte ein dermed meir ein allmenn samfunnsdebatt. Då vart mykje like gyldig – og likegyldig.

### 2.5 Verdi som uttrykk for noko som bør vere verdifullt for folk

Den femte tilnærminga er normativ; ho handlar om kva for verdiar folk *bør* byggje på, kva for verdiar som er verdifulle.

I menneskerettsfråsegna åt SN heiter det at retten til språk er ein menneskerett. Den same retten finn vi i Verdserklæringa om språklege rettar frå 1996 (jf. Wiggen 1996). Storsamfunnet får ut frå ein slik rett ansvar for å leggje tilhøva til rette for at innbyggjarane får høve til å bruke språket sitt. Såleis heng retten til språk saman med verdiar om likeverd, toleranse, mangfald, demokratisk deltaking og kulturell utfalding.

Eitt moment er pliktene og rettane åt mindretalet, eit anna er pliktene og rettane åt fleirtalet. I Internasjonalt program for Noregs Mållag vert det peika på at fordelinga mellom gruppene ikkje bør vere for ujamn:

For at språklege rettar skal verte til røyndom, må det skje ei solidarisk fordeling av byrdene. I kva grad folk som høyrer til fleirtalet lærer språket til mindretalet, seier noko om språkrettar og om posisjonane til mindretalsspråket. (Noregs Mållag 2005.)

I prosjektet *Den nye norsken* er eitt av føremåla å problematisere kva som er god nok norsk. Jon Erik Hagen (2004) har i denne samanhengen eit interessant resonnement der han argumenterer for at nye innvandrargrupper må få lov til å påverke synet på kva som er rett og god norsk. Utgangspunktet er: "Alle har eiendomsrett til norsk!". Hagen fylgjer her ein etablert språkdemokratisk tankegang, slik vi ser det hos Halvdan Koht, nemleg at alle sosiale grupper gradvis skal få eigedomsrett til språket. Hagen poengterer samstundes noko nytt, og det er at dei innfødde ikkje har større rett til å normere språket enn dei som har lært det som andrespråk. Det siste argumentet er òg relevant i høve til engelsk. I dag er det fleire som bruker engelsk som andrespråk/framandspråk enn som fyrstespråk, og der-

som engelsk skal fungere som lingua franca vil det vere mest demokratisk om òg andre enn morsmålsbrukarar vert involvert i normeringa.

I dei seinare åra har verdien av *språkleg mangfald* vorte fokusert. Språkleg mangfald kan kome til uttrykk på fleire måtar. Ein måte gjeld språkstatus (med fleire språk som lever ved sida av kvarandre), og på det området har tilvising til språkleg mangfald oppnådd eit retorisk hegemoni i det offentlege ordskiftet. Det er knapt nokon i dag som vågar å seie at ein er imot mangfald. Når det gjeld mangfald i språkkorpus (med ei romsleg rettskriving), er usemja større. Argumentasjonen for mangfald er likevel mykje den same her òg – at mangfaldet gir språkleg husrom til fleire, verkar til å utvikle språkleg toleranse, og kan bryte ned monospråklege haldningar. Verdien av mangfald må i sin tur vegast opp mot verdien av fellesskap, einskap og solidaritet.

### 3. Avslutning

Denne artikkelen har retta søkjelyset på nokre måtar vi kan nærme oss spørsmålet om språkverdiar på: metodologisk, relasjonelt, som sosialt rangeringssystem, som sosialt preferansesystem og etisk. Kvar tilnæringsmåte har sine moglegheiter og avgrensingar, og det understrekar trongen for å kombinere ulike strategiar. Det er på same måten ulike verdiar må vegast opp mot kvarandre.

Det er fleire spørsmål som ikkje har vorte drøfta her: Er språkverdiar evige eller relative? Er språkverdiar plasserte i individet eller i kollektivet? Er språkverdiar alltid verdifulle? Kva slags språkverdiar skal vere viktige når ein i Noreg no skal orientere seg på nytt i språkpolitikken?

Føremålet med artikkelen har då òg fyrst og fremst vore å skissere nokre strategiar for å gå vidare på nettopp slike spørsmål.

### Litteratur

- Ajzen, J. 1988. *Attitudes, Personality and Behaviour*. Milton Keynes: Open University Press.
- Barth, Fredrik. 1993. Are Values Real? I Hechter, Michael m.fl. (red.) *The Origin of Values*. New York: Aldine de Gruyter. 31–46.
- Barthes, Roland. 1975. *Mytologier*. Oslo: Gyldendal.
- Bjørnson, Bjørnstjerne. 1899. Maalsagens Stilling i vort Kulturliv. Foredrag i Kristiania 23.10.1899.
- Bourdieu, Pierre. 1991. *Language and Symbolic Power*. Cambridge: Polity Press.
- Bourdieu, Pierre. 1995. *Distinksjonen*. Oslo: Pax.
- Brunstad, Endre. 2000. Språknormer som forskingsobjekt. Teoretiske refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskninga. I Brodersen, Randi B. og Torodd Kinn (red.) *Språkvitskap og vitskapsteori*. Bergen: Ariadne Forlag.
- Coulmas, Florian. 1992. *Language and Economy*. Oxford: Blackwell.
- de Swaan, Abraam. 2001. *Words of the World*. The Global Language System. Cambridge: Polity.
- Hagen, Jon Erik. 2004. Norsk som lingua franca i Norge. I Sandøy, Helge, Endre Brunstad, Jon Erik Hagen og Kari Tenfjord (red.) *Den fleirspråklege utfordringa*. Oslo: Novus. 65–79.
- Halliday, Michael. 2002. *Linguistic Studies of text and discourse*. London: Continuum.
- Halman, Loek m.fl. 2005. *Atlas of European Values*. Tilburg: Tilburg University.



- Haugen, Einar. 1969. *Riksspråk og folkemål*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hechter, Michael. 1993. Vales Research in the Social and Behavioural Sciences. I d.s. m.fl. (red.) *The Origin of Values*. New York: Aldine de Gruyter. 1–28.
- Hellevik, Ottar. 1996. *Nordmenn og det gode liv*. Norsk Monitor 1985-1995. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hellevik, Ottar. 2001. Nynorskbrukaren – kven er han? I Teigen, Håvard og Elisabeth Bakke (red.) *Kampen for språket*. Oslo: Samlaget
- Hjelmslev, Louis. 1959. *Essais linguistiques*. København: Nordisk Sprog- og Kulturforlag.
- Langslet, Lars Roar. 1999. *I kamp for norsk kultur*. Oslo: Riksmålsforbundet.
- May, Stephen. 2005. Language rights: Moving the debate forward. *Journal of Sociolinguistics* 9/3. 319–347.
- Noregs Mållag. 2005. Internasjonalt program, vedteke av landsmøtet i Noregs Mållag. Internett: <http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10222,10276>.
- Peirce, Charles Sanders. 1994. *Semiotik og pragmatisme*. Utval omsett til dansk. København: Gyldendal.
- Sandøy, Helge. 1997. Den norske normeringssirkelen. I Omdal, Helge og Rune Røstad (red.). *Krefter og motkrefter i språknormeringa*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. 259–271.
- Sandøy, Helge. 2004. Språkstyring og språkendring i Noreg. Politikk eller kulturelt hege-  
moni? I rapporten *Nye veier i norsk språkpolitikk*. Internett: <http://www.sprakradet.no/templates/Page.aspx?id=3361>. Oslo: Norsk språkråd.
- Saussure, Ferdinand de. 1970. *Kurs i allmän lingvistik*. (Svensk omsetjinga av *Cours de linguistique générale* frå 1916.) Steffanstorpe: Bo Cavefors Bokförlag.
- Smolicz, Jerzy. 1993. Linguistic core values in multicultural settings. *International Review of Education* 37. 32–52.
- Smolicz, Jerzy. 1981. Core Values and Ethnic Identity. I *Ethnic and Racial Studies* 4/1981. 75–90.
- Teigen, Håvard. 2002. Nynorsk og regional utvikling. I Teigen, Håvard og Elisabeth Bakke (red.). *Kampen for språket*. Oslo: Samlaget.
- Wiggen, Geirr. 1997. Ei verdserklæring om språklege rettar. I *Syn og Segn* 1/97, 80–92.
- Vikør, Lars S. 2003. Nordiske språkhaldningar. Presentasjon av ei meningsmåling. I Sandøy, Helge (red.). *Med 'bil' i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utlandske ord*. Oslo: Novus. 42–51.
- Wyller, Thomas Chr. 2005 *Verdikommisjonen*. Refleksjoner over et eksperiment. Oslo: Unipub forlag.